



Vaksdal kommune

## TILLEGGSINNKALLING 2

### KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 14.12.2015  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 11:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost [solvi.legard@vaksdal.kommune.no](mailto:solvi.legard@vaksdal.kommune.no)

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
78/2015	REFERATSAKER OG MELDINGAR - Tilleggsreferatsaker
98/2015	FLYKTNINGESITUASJONEN - BEHOV FOR MOTTAKSPASSAR

11. desember 2015

Eirik Haga  
Ordfører



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
78/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		15/1721

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
78/2015.1	Informasjon om forsøk med statlig finansiering til landets ordførarar
78/2015.2	Prosjektet Statleg finansiering av eldreomsorga. Oppfølging av tinging av sak
78/2015.3	Oppfølging av vedtak om deltaking i Forsøk med statleg finansiering av omsorgstenesta - Notat frå rådmann til ordførar
78/2015.4	Ope brev til Vaksdal kommune om avvikling av sjukehplassar i Modalen
78/2015.5	Bergensalliansen: Brannsamarbeid i bergensregionen
78/2015.6	MELDING OM VEDTAK - REGLEMENT PERMISJONAR
78/2015.7	Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - Uttale frå Administrasjonsutvalet
78/2015.8	Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - uttale frå Eldrerådet
78/2015.9	Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - Uttale frå Levekårsutvalet
78/2015.10	Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
78/2015.11	Opphald på Modalstunet
78/2015.12	Budsjett 2016 - Justering av låneopptak

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

#### Saksopplysningar:



Kommunestyret

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 15/1109 - 15/7725

**Saksbehandlar:**

Sølvi Legård  
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

10.12.2015

**Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - Uttale frå Administrasjonsutvalet**

Saka er behandla i Administrasjonsutvalet 07.12.2015 - Sak 12/2015

**Det er gjort slikt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

Med helsing

Sølvi Legård  
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*



Kommunestyret

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 15/1109 - 15/7722

**Saksbehandlar:**

Solrun Hauglum  
solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

10.12.2015

## Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - uttale frå Eldrerådet

Saka er behandla i Eldrerådet 08.12.2015 - Sak 14/2015

### Det er gjort slikt vedtak:

I møte 08.12.2015 har Eldrerådet blitt orientert om Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016. Avsnitt «Helse og omsorg» vart særleg drøfta.

Også Eldrerådet må ta inn over seg at kommunen får meir krevjande økonomi med reduksjon i inntekter. Me er einig i målsettinga om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, forebyggjande og rehabiliterande tiltak. Me er likevel oppteken av at dei som har trong for kommunale tenester innan helse og omsorg får ei tilfredsstillande, kvalitetsmessig og verdig oppfølging uansett kva trinn dei vil vera på i omrorgstrappa.

Med helsing

Solrun Hauglum  
Kommunalsjef helse og omsorg

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*





Kommunestyret

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 15/1109 - 15/7724

**Saksbehandlar:**

Sølvi Legård  
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

10.12.2015

## Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - Uttale frå Levekårsutvalet

Saka er behandla i Levekårsutvalet 07.12.2015 - Sak 27/2015

**Det er gjort slikt vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

Med helsing

Sølvi Legård  
Politisk sekretær/fagleiar arkiv

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*



Kommunestyret

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 15/1109 - 15/7723

**Saksbehandlar:**

Solrun Hauglum  
solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

10.12.2015

## Melding om vedtak - Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 - uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka er behandla i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.12.2015 - Sak 14/2015

### Det er gjort slikt vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 med endringsframlegg frå Formannskapet vert teken til orientering.

Med helsing

Solrun Hauglum  
Kommunalsjef helse og omsorg

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967

gj.p. Rådmann

Vaksdal kommune

v/ordfører

Dalekvam 08.12.2015

### Opphald på Modalstunet

Eldrerådet har i møte 08.12.2015 drøfta om pasientar heimehørande i Vaksdal kommune etter nyttår blir flytta frå Modalstunet til sjukeheimar i Vaksdal. Saka synes å vera aktuell særleg av det som har kome fram i lokalpressa siste veker.

Der kjem det fram at det ikkje er heilt avklåra om dei som no er på Modalstunet og frå Vaksdal kommune framleis kan få vera på Modalstunet etter januar 2016 dersom dei ønskjer det.

Eldrerådet meiner at dei Vaksdalpasientar som i dag har sjukeheimsplass på Modalstunet må sleppa ei krevjande flytting og omstilling dersom dei sjølve og dei pårørande er mot ei slik flytting.

I ei slik sak må omsynet til til brukarane vega tyngst sett opp mot ei mogeleg innsparing i kommunen.

Eldreådet har også tolka kommunestyret sitt vedtak om ikkje å forlenga avtalen med Modalen kommune slik at det skulle vera ein mjuk overgang for pasientar frå Vaksdal kommune. Det må innebera at dei som ønskjer å bli på Modalstunet må få bu der så lenge dei vil.

For Eldrerådet  
Helge Risnes  
Leiar.





---

## Notat

---

Til: Ordfører

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmann/Åse Elin Myking

Vår referanse: 15/1109 - 15 / FE - 151

Dato: 11.12.2015

### Emne: Budsjett 2016 - Justering av låneopptak

Etter forskrift om årsbudsjett må investeringsbudsjettet settast opp i balanse. Låneopptak må difor fastsetjast i endeleg budsjettvedtak.

I innstilling frå Formannskapet er det lagt inn endring i investeringar på kr 1.180.000,-. Forslag til finansiering av endringane (under oppstillinga Kapitalbudsjett 2016): «*Endringa vert finansiert med auka låneopptak på kr 1.180.000,-*»

I driftsbudsjettet er det lagt inn redusert overføring frå driftsbudsjett til kapitalbudsjett på kr 2.926.000,-. Dette medfører auka låneopptak.

I etterkant av behandling i Formannskapet har konsesjonskrafta vorte solgt. I Rådmannens framlegg til budsjett var det lagt til grunn ein pris på 22 øre/kwt, medan salget gav kr 18,782 øre/kwt. Dette medfører ei endring på samla kr 2.045.000,-. Rådmannen foreslår at dette vert finansiert med reduksjon i overføring frå driftsbudsjett til kapitalbudsjett. Forslag til tekst knytt til budsjettvedtak (under oppstillinga Driftsbudsjett 2016): «*Redusert overføring frå driftsbudsjett til kapitalbudsjett som følgje av redusert inntekt frå sal av konsesjonskraft: -2.045.000*». Under tabellen: «*Låneopptak vert auka med kr 4.971.000,-*»

Ordfører har varsla følgande framlegg til endringar i investeringsbudsjettet: Tillegg: Etablering av gangveg Krekane – Idrettsplassen kr 160.000 Forslag til finansiering: «*Endringa vert finansiert med auka låneopptak på kr 160.000,-*»

Endringane medfører samla eit auka låneopptak på kr 6.311.000

### Forslag: Tillegg i vedtakstekst

«*Redusert overføring frå driftsbudsjett til kapitalbudsjett som følgje av redusert inntekt frå sal av konsesjonskraft: -2.045.000*».

«*Låneopptak vert auka med kr 6.311.000,-*»



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
98/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

  

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking		15/697

### FLYKTNINGSITUASJONEN - BEHOV FOR MOTTAKSPASSAR

#### Vedlegg:

Informasjon om konkurranseutsetting av asylmottak

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber rådmann utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør og førebu eit eventuelt tilbod til UDI. Kommunestyret fattar endeleg vedtak om ei eventuell deltaking i konkurranseutlysing.
2. Kommunestyret ønskjer ikkje å utgreie asylmottak med kommunen som driftsoperatør på noverande tidspunkt.

#### Saksopplysningar:

Det vert vist til sak 15/697 om busetting av flyktningar der også behovet for nye mottaksplassar er omtalt.

Hero Norge AS har i brev av 8. desember informert kommunen om at selskapet vil legge inn bod i konkurransen UDI har lyst ut om kjøp av ordinære mottaksplassar. Mottaket er planlagt i tidlige Dale fabrikk og med 136 faste plassar, 34 variable plassar og med opsjon på 30 tilleggs plassar, jf vedlagt brev. UDI reknar med avgjerd etter 1-2 månader. Fristen for å levere inn anbod er 11 desember kl 12.00. Rådmannen vil freiste å gje meir informasjon i møtet.

UDI har plikt til å gjennomføre anbodskonkurranse og må følge dei kriteria som er lagt til grunn der. Dei reknar med at det vil vera behov for fleire utlysingar av konkurranser neste år for å kunne dekke behovet for mottaksplassar. Det er ønskeleg å få kommunar inn som driftsoperatørar av asylmottak og UDI oppfordrar kommunar til å levere inn tilbod på utlysingar.

Kommuneorganisasjonen førebur seg på auka busetting og etablering av vaksenopplæring/språkopplæring i eigen regi. Rådmann har saman med leiarane i organisasjonen også vurdert drift av mottaksplassar og det er gjennomgåande både stort engasjement og god tru på moglegheitene ved dette. Eit anbod vil vere ein omfattande prosess og det vil vere naudsynt med vesentleg større utgreiing gitt at kommunestyret ynskjer å gje rådmannen oppdrag å greie ut asylmottak der kommunen er driftsoperatør.

Rådmann ettersender sak til kommunestyret for å informere om situasjonen og for å få ei avklaring på om kommunestyret ønsker å utgreie asylmottak med kommunal drift og førebu eit ev anbod fram mot neste konkurranseutlysing. Arbeidet er krevande og det naudsynt med ei rask avklaring for å rekke endeleg kommunestyrebehandling før neste utlysingsfrist. Saka vert lagt fram med to alternative vedtak. Denne saka tek berre sikte på å avklare intensjonen om kommunestyret ynskjer å få utgreidd om kommunen ynskjer å vere driftsoperatør eller ikkje.



Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgate 16  
5722 DALEKVAM

Hero Norge as  
Postboks 459, 4002 Stavanger  
Besøksadresse: Jernbanev. 9  
Tel: +47 51 51 74 70  
Faks: +47 51 51 74 71  
[hero@hero.no](mailto:hero@hero.no)  
Org.nr. 876 785 722

Att.: Rådmann Trine P. Grønbech

Stavanger. 8. desember 2015

## **Informasjon om konkurranseutsetting av asylmottak**

Utlendingsdirektoratet lyste 12. november ut anbud på kjøp av ordinære mottaksplasser (Doffinreferansenr: 15/137888). Vi ønsker med dette å orientere Vaksdal kommune skriftlig om at Hero Norge AS (Hero) vil tilby UDI en avtale om et mottak i tidligere Dale fabrikker på drift av 136 faste plasser og 34 variable plasser. For å ha beredskap til å håndtere en moderat endring av behovet for mottaksplasser vil også tilbudet inneholde mulighet for opsjon på 30 tilleggs plasser.

Vi viser til samtale mellom vår representant Anpu Mahesan og kommuneledelsen hvor vi orienterte om våre planer for etablering. Vi vurderer kommunen som svært godt egnet også som vertskommune for ordinært asylmottak både med hensyn til det innkvarteringstilbudet beboere skal gis, de kommunale tjenestene og den politiske ledelsen.

### **Om mottaket**

Vaksdal mottakssenter vil bli etablert som et sentralisert mottak bestående av ulike romstørrelser og rikelig med gode fellesareal i bygninger kjent som Dale fabrikker. Vi planlegger ombygging av deler av lokalene for å tilpasse de vår drift. Vi vil presentere løsningen til dere om kort tid. Kontorer og fellesareal for informasjonsmøter og andre aktiviteter vil være lokalisert i samme bygningsmasse.

Vi tar sikte på å rekruttere bemanning lokalt i kommunen. For å sikre god oppstart og at mottaket drives godt fra dag en vil vårt eget oppstartsteam med erfarne kolleger bistå i den første perioden. Leder ved mottaket vil rapportere til regionsjef Bente L. Dalåker.

### **Tilskudd til vertskommune**

Som det fremgår av rundskriv fra UDI vil en vertskommune motta et tilskudd som skal dekke gjennomsnittlige utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i forbindelse med at det drives et asylmottak. Dette tilskuddet skal sette kommunen i stand til å dimensjonere tjenesteapparatet i tråd med nye oppgaver. Tilskudd til skoletilbud for barn gis gjennom utdanningsmyndighetene. Det er også verdt å merke seg at beboere som får oppholdstillatelse folkeregistreres i kommunen og teller med ved beregning av innbyggertilskuddet. For mer informasjon om tilskudd og gjeldende satser, se vedlegg.

### **Om Hero**

Hero er landets største driftsoperatør med 28 års erfaring med mottaksdrift. Vår visjon er å være ledende i mangfold og våre kjerneverdier er åpenhet, likeverd og profesjonalitet. Vi har utviklet en dynamisk driftsorganisasjon og en svært solid fagkompetanse på mottaksdrift.

Vi har vært og er i dag en pådriver i utviklingen av det faglige arbeidet i mottaksbransjen og vil spesielt trekke fram vårt arbeid med beboermedvirkning, krisehåndtering i mottak, arbeid

med barn og unge, arbeid med sårbare grupper og returarbeid som våre styrker. Hero har i dag 70 mottak over hele landet og driver både ordinære mottak, mottak for enslige mindreårige (EM), transittmottak og akutte mottaksplasser. Ved tre av våre mottak driver vi også barnehager.

Vi har en landsdekkende tolketjeneste, Hero tolk, som også vil sikre at vertskommunen vil kunne motta tolketjenester med høy kvalitet dersom de ønsker å benytte seg av Hero tolk som leverandør. Vi har også egne kurssentre gjennom Hero kompetanse, som primært driver kurs og opplæring av arbeidssøkere med innvandrerbakgrunn.

45 prosent av våre over 1050 ansatte har selv bakgrunn som innvandrere, noe som gir oss en verdifull spisskompetanse på de tjenester vi leverer. Vi har ordnede lønns og arbeidsforhold, med tariffavtale for ansatte. Vårt arbeid innenfor helse, miljø og sikkerhet er anerkjent også utover bransjen og sikrer ansatte gode og trygge arbeidsforhold.

### **Godt samarbeid med vertskommunen**

Hero har lang erfaring og samarbeider godt med de kommunene hvor vi driver mottak. Gjennom profesjonell og god faglig drift av mottak i 28 år jobber vi for gode resultater sammen med vertskommunene.

Mottaket vil legge opp til en tett og god dialog med helsetjenesten om alle saker som vedrører beboere med spesielle behov for oppfølging og tiltak. Mottaket vil ha rutiner for samarbeid med barnevernet for å sikre at de enslige mindreårige blir godt ivaretatt.

Det er også viktig å ha god kontakt med naboer, frivillige organisasjoner og lokalt næringsliv. Vi inviterer på nyetablerte mottak alle i lokalsamfunnet inn på mottaket for å bli kjent med både hva som foregår på mottaket og hvem beboerne er.

Kommunen og andre samarbeidspartnere vil holdes godt orientert om viktige forhold som angår mottaket. Vi ønsker åpenhet rundt mottaksdriften i forhold til lokalmiljøet og andre interesserte og at beboernes ressurser brukes også utenfor mottakets aktivitetstilbud.

For mer informasjon, ta kontakt med undertegnede eller se på [www.hero.no](http://www.hero.no).

Med vennlig hilsen  
Hero Norge AS



Kjartan Dirdal  
Utviklingsdirektør

Vedlegg:

RS 2011-025 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter

RS 2011-025V1 Satser for tilskudd til kommuner som har statlig mottak eller omsorgssenter for enslige mindreårige asylsøkere

Kopi: **Ordfører Eirik Haga**